



Retningslinjer for tilskot til leike- og aktivitetsområde

1. Formål

Formålet med tilskotsordninga er å bidra til auka deltaking i aktivitetar utandørs i lokalsamfunnet/nærområdet, fleire, betre og tryggare leikeplasser, møteplasser og aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, betre oppvekstmiljø, auka trivsel, tryggleik og tilhøyrslø. Tilskotet skal oppmuntre til lokalt initiativ, planlegging/forankring i grendalaga og utvikling av samarbeid i buområde.

2. Kva det blir gitt tilskot til

Midlane skal brukast til opprustingstiltak eller igangsetting av nye tiltak. Det kan søkjast om innkjøp og vedlikehald av leikeapparat i buområde. Det kan også søkast tilskot til investeringar og til tiltak som f.eks. sikkerheitsgjerder, bord og benkar, belysning o.a. Tiltaket det blir søkt om må vere ope for alle, og søkjar tek på seg ansvar for å sikre vedlikehald av utsyr og område. Ved signering av tildelingsbrevet blir dette ansvaret automatisk akseptert.

3. Kva det ikkje blir gitt tilskot til

- a) ordinær drift/vedlikehald, som for eksempel sandskift, måling av gjerder og liknande
- b) lokalar og arrangement
- c) prosjekt utan eigeninnsats eller eigenkapital
- d) saker under politisk behandling

4. Målgrupper for tilskotet

Grendalag/utval, andre foreiningar og lag kan søkje. Søkjar må vere registrert i Brønnøysundregisteret.

5. Desse fell utanfor målgruppa:

- a) Einskildpersonar
- b) Kommersielle aktørar
- c) Verksemder og organisasjonar som fell utanfor formålet med ordninga.

6. Søknadsfrist og kunngjering

Tilskotsordninga blir kunngjort i avis Møre og på Volda kommune sine nettsider. Kunngjeringa skal innehalde informasjon om søknadsfrist, vise til søknadsskjema på kommunen sine nettsider og skal finne stad seinast fire, 4, veker før søknadsfristen. Kommunen sin sakshandsamar kan rettleie i søknadsarbeidet.

Søknadsfrist er 15.februar for påfølgjande år.

7. Krav til søknaden

a) Søknad skal sendast inn på gjeldande elektronisk søknadsskjema av ein person som har mynde til å forplikte organisasjonen. Alle obligatoriske felt i skjemaet må fyllast ut. Berre søknader sendt via kommunens søknadsportal innan søknadsfristen vil bli behandla.

Følgjande informasjon skal følge søknad:

Plassering merka på kart og namn på leikeplassen/aktivitetsområdet.

Budsjett i balanse som viser alle utgifter og inntekter, og ein plan for finansiering. Det er krav om eigenfinansiering ved dugnadsarbeid og/eller eigenkapital. Det skal settast opp eit kostnadsoverslag basert på innhenta pristilbod. Vidare skal det gjerast greie for tilskot som allereie er innvilga.

b) Det kan søkjast fleire år på rad. Dersom det er søkt tidligare skal siste tilgjengelege årsrapport og rekneskap, leggest ved. Tiltaket det blir søkt om skal gjennomførast i løpet av eitt ,1, år frå tildeling av tilskot.

c) Tilstøytande naboar skal varslast. Tiltak som krev byggeløyve/godkjenning må ha dette på plass før søknad kan handsamast.

d) Leikeapparat som det blir søkt pengar til, skal oppfylle dei gjeldande tryggleikskrava for slikt utstyr. Volda kommune kan gjennomføre kontrollar for å sjekke leikeplasser som har fått tilskot.

e) Dersom det blir søkt om midlar til tiltak på tomt eigd av private, må eigar skrive under søknaden og gi løyve til at området kan nyttast til nemnte formål i dei neste 10 åra.

8. Saksbehandling

a) I vurderinga av søknadane blir dette vektlagt:

- lokalt initiativ – vilje til dugnad og samarbeid i buområde.
- kvalitet i tiltak som skapar betre forhold for auka deltaking i utandørs aktivitetar for alle
- planlegging av økonomi, tryggleik, eigeninnsats og omfang av arbeid
- at det er ein plan for vedlikehald og drift
- involvering av barn og unge i lokalmiljøet i høve planlegginga
- at søkjar er oppteken av å velje apparat som stimulerer til variert leik
- at søkar tek i betraktning bruk av naturlege element i høve utarbeiding av leikeplassen, t.d bevare gode klatretre, bevare gode klatresteinar mm
- at det er gjennomført vurderingar i høve bærekraft, t.d val av materiale
- tiltak i områder med lang veg til næraste opparbeidde leike- og aktivitetsområde blir prioritert

b) Søknadene blir prioritert innbyrdes innanfor den økonomiske ramma som kommunestyret har vedteke for tilskotsordninga. Summen av tilskot som blir fordelt kan ikkje overskride ramma for ordninga.

c) Tildelingane blir vedteke administrativt.

d) Svarbrev med avslag eller tilsegn blir sendt til alle søkarane innan to veker etter at vedtak er fatta. Innvilga tilskot blir utbetalt innan tre, 3, veker etter at vedtak er fatta.

Kommunen kan sette andre rimelige vilkår for utbetaling av tilskot.

9. Krav til mottakar av tilskot

a) Tilskot blir gitt under føresetnad av at (prosjektet, tiltaket, drifta e.l.) gjennomførast i samsvar med søknaden. Ved vesentlige endringar skal sakshandsamar i kommunen kontaktast fortløpande.

b) Dersom tilskotet ikkje nyttast i samsvar med føresetnadane, kan kommunen krevje at heile eller delar av tilskotet skal betalast tilbake.

c) Rekneskap og rapport som viser korleis tildelt tilskot er nytta, skal sendast til kommunen sin sakshandsamar i tråd med tilvisingane i tilsegnsbrevet. Kommunen kan sette andre rimelige vilkår for dokumentasjon og rapportering. Mottakar av tilskot kan ikkje søkje nye tilskot før rapport og regnskap er levert inn.

d) Tilskotsmottakar skal synleggjøre at Volda kommune har bidrege med tilskot der dette er praktisk mulig. På elektronisk og trykt informasjon skal Volda kommune bli oppgitt som finansieringskjelde.

10. Klage

Vedtaket kan klagast inn for kommunen innan tre veker. Ei klage bør vise til kva vedtak det blir klaga på, grunngjevast og ha med opplysningar av betyding. Sakshandsamar kan svare på spørsmål og en eventuell klage må sendast til post@volda.kommune.no

Retten til å klage er regulert i Forvaltningslova §28, andre ledd. Same lov § 18 og 19 regulerer retten til innsyn i dokument.

Endra jf. vedtak i TFU sak 24/22 (21.3.2022).